



frå **elev** til  
**lære**kandidat

Kva er ein opplæringskontrakt?



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## Kva er ein lærekandidat?

- Ein lærekandidat inngår opplæringskontrakt med ei bedrift for å ta ein prøve som er mindre omfattande enn fag-/sveineprøve. Ordninga følger normalt same modell som for lærlingar med 2 år i skole og 2 år i bedrift.
- Forskjellen på ein lærling og ein lærekandidat er at lærlingen skal nå alle måla i læreplanen for faget, medan lærekandidaten får opplæring i delar av planen.
- Som lærekandidat kan du ha rett til spesialundervisning.
- Som lærekandidat treng du ikkje å ha gjennomført all teori eller ha karakter i alle fag.
- Det er grunnskolen og vg1 og vg2 som skal førebu opplæringskontrakter. Skolane har ansvar for å knytte kontakt med aktuelle lærebedrifter.
- Du må ha kontakt med ei aktuell lærebedrift før du søker opplæringskontrakt.
- Dersom du søker opplæringskontrakt utan å ha lærebedrifta klar, kan vi ikkje garantere at ein opplæringskontrakt kjem i orden. Da vil opplæring i skole vere eit alternativ.

## Som lærekandidat skal du:

- Få ein god overgang frå skole til bedrift.
- Få opplæring etter evner og anlegg ved hjelp av ein individuell lærekandidatplan.
- Meistre opplærings situasjonen.
- Bli kvalifisert for arbeidslivet.

## Kva er ein opplæringskontrakt?

- Ein skriftleg kontrakt mellom lærekandidat og bedrift som blir godkjent av yrkesopplæringsnemnda i Møre og Romsdal fylkeskommune.
- Eit dokument som sikrar at kandidaten får opplæring etter læreplanane.
- Gir same rettar og plikter i opplæringsløpet som for lærlingar.
- Kan gjerast om til lærekontrakt undervegs i læreløpet. Bli opplæringskontrakta omgjort til lærekontrakt, gjeld same krav til teori som for lærlingar.

## Med opplæringskontrakt skal du:

- Få eit fullverdig opplæringsløp med individuell og tilpassa opplæring.
- Få rettleiing
- Få undervegs vurdering.
- Ta avsluttande kompetanseprøve, som er ei mindre omfattande prøve enn ordinær fag-/sveineprøve.
- Få tilsendt kompetansebevis som dokumentasjon på opplæringa.

## Vidare moglegheiter

- Du kan ta påbygging til fag-/sveinebrev som praksiskandidat.



## Korleis søker du om opplæringskontrakt?

- Det er skolen sitt ansvar å sørge for at du blir utplassert i bedrift i skoletida. Dette kan føre fram til læreplass.
- Skolen skaffar lærebedrift
- Utdanningsavdelinga og skolen samarbeidar tett om å få til ein avtale.
- Eigeninnsats er av stor betydning. Ver aktiv, bruk nettverket ditt for å finne læreplass.
- Du søker om opplæringskontrakt elektronisk på [vigo.no](http://vigo.no)
- Meir informasjon om vidaregåande opplæring finn du på [vilbli.no](http://vilbli.no)
- Møre og Romsdal fylkeskommune, utdanningsavdelinga har ansvar for å gi søkarar til opplæringskontrakt eit tilbod.

**Søknadsfrist: 1. februar**



Møre og Romsdal  
fylkeskommune



### **Møre og Romsdal fylkekommune**

Utdanningsavdelinga

Postboks 2500, 6404 Molde

Tlf: 71 28 00 00

[mrfylke.no](http://mrfylke.no)

e-post: [formidling@mrfylke.no](mailto:formidling@mrfylke.no)

### **Besøksadresse:**

Julsundveien 9, Molde

### **Oversikt over godkjente lærebedrifter finn du på våre heimesider**

[vilbli.no](http://vilbli.no)

[utdanning.no](http://utdanning.no)

### **Fleire gode tips:**

[nav.no](http://nav.no)

[ung.no](http://ung.no)

[Facebooksida Lærling Møre og Romsdal](#)

Lærer/rådgivar på skulen